


PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte:	7/2012
Tid:	Fredag 19. oktober kl. 12:30 – 15:30
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kvassnesvegen 23, møterom



Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Per Lerøy, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Nils Marton Aadland, Kristin Handeland, Knut Moe, May Eva Sandvik (vara Lindås kommune)
Rådmenn:	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Jarle Landås, Jan Olav Osen
NUI:	Rune Heradstveit, Kari Natland Evensen
Andre:	Charlotte Nielsen, helse- og aktivitetskoordinator for Knarvikmila, Bjørn Tore Hesjedal, Meland idrettsråd og Gunn Hilda Øymo frå Hordaland Idrettskrets (sak 57/12),
Forfall:	Astrid Aarhus Byrknes, Odd Ivar Øvregård, Svein Helge Hofslundsengen og Kari Brekken (kst. rådmann Gulen)

Sak 53/12	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 54/12	Godkjenning møteprotokoll frå møte 6/2012 Møteprotokollen frå møte 6/2012 vart godkjent utan merknadar.
Sak 55/12	Status oppfølgingssaker Vart ikkje gjennomgått – men var utsendt i forkant. Leiar ber om at alle brukar lista aktivt.
Sak 56/12	Status Nordhordlandspakken Søknad frå Nordhordlandspakken om utbetaling av kr. 200 000 frå K-fondet (jfr. sak 19/11) Vedtak:  Regionrådet / styret i K-fondet er positive til å styrka driftskapitalen i Nordhordlandspakken og løyver kr. 200 000 frå K-fondet til dette. NUI betalar dette ut etter behov.
Sak 57/12	Status - avtale mellom Knarvikmila, Hordaland Idrettskrets vedr det 3-årige prosjekt saman med kommunane (4 vedlegg) Charlotte Nielsen, helse- og aktivitetskoordinator for Knarvikmila, Bjørn Tore Hesjedal, Meland idrettsråd og Gunn Hilda Øymo frå Hordaland Idrettskrets orienterte om prosjektet treningskontaktar i Hordaland og spesielt status i Nordhordland. Treningskontaktkursen vert bli halde i samarbeid med kommunar, som sjølv ynskjer fysisk aktivitet som integrert del av sitt kommunale tilbod. Treningskontaktordninga går ut på at menneske som har trong for ekstra motivasjon, draghjelp og tilrettelegging, kan søkja kommunen om dette. Kommunen engasjerer og lønner treningskontaktane, og har oversikt over kva personer som kan trenga treningskontakt. Kommunen rettleiar og har dagleg oppfølging av treningskontaktane i arbeid.

	<p>Det har vore varierende og dessverre for liten deltaking i frå kommunane i Nordhordland. Dette er dumt når kommunane har gått inn med midlar til dette. Det vil derfor vera fint om kommunane aktivt hjelper til med å finna dei rette personane – gjerne i tett dialog med NAV.</p> <p>Kommunane må så bruka treningskontaktane aktivt og trekka dei med på ulike aktivitetar. Dette er heilt i tråd med Samhandlingsreforma og målet om meir førebyggjande aktivitet</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Kommunane er positiv til prosjektet – og til å bidra med midlar. Søknadar me stillast til den enkelte kommune.
Sak 58/12	<p>Søknad om tilskot til etablering av pilotanlegg legg på Mongstad (vedlegg)</p> <p>Per Lerøy informerte om søknaden og status for prosjektet. I søknaden er det skissert ei finansiering av 12 Mkr. etter fylgjande skisse; Havbruksnæringa 3,0 Mkr, Staten 6 Mkr, og kommunane i Nordhordland og Hordaland fylkeskommune 3,0 Mkr.</p> <p>Saka er utsett ein måned i fylkeskommunen då sakspapira ikkje er klare. Regionrådet er positive, men vil gå i dialog med FK med tanke på korleis den skisserte summen frå kommunane og fylkeskommunen skal fordelast.</p> <p>Kort diskusjon om kor ein kan ta midlar frå - K-fond, næringsmidlar eller spleiselag.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet var einige om at ein går i tett dialog med fylkeskommunen for å finna ei fordeling som kommunane kan leva med. Per Lerøy har ansvaret for saka.
Sak 59/12	<p>Kommunestrukturprosessen. Status søknad</p> <p>Leiar beklaga at KRD fortsatt ikkje er kome med svar tross stadige purringar.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet bestiller at NUI set i gong førebuing – og at ein purrar KRD med eit skriv.
Sak 60/12	<p>«Biosfæreprosjektet» og samarbeidsavtalen - status (vedlegg)</p> <p>Knut Moe og Kari Natland Evensen gav ein kort status for prosjektet og tankar om vidare planar. Dette er eit stort prosjekt som vil vera ei investering for framtida, og som kan føra til enklare sakshandsaming vedr. planar og utgreiingar m.v. seinare. Det er og svært viktig med nærmare og god informasjon og prosjektet på breitt grunnlag. Her må «folket» og det private næringslivet trekkast med.</p> <p>Før Regionrådet seier endeleg ja til prosjektet og at samarbeidsavtalen vert underskriven, må det klarerast litt meir kva forpliktingar som ligg i prosjektet, kva kostnadar dette vil medføre både i eit forprosjekt og vidare i eit hovudprosjekt. NUI greier dette vidare ut.</p> <p>Vedlagt fylgjer ein presentasjon om Biosfæreprosjektet.</p>
Sak 61/12	<p>Orientering om den pågåande prosessen om samarbeid mellom vår region og NCE Fjord Norge-programmet knyta til ein større regional destinasjon.</p> <p>Styreleiar Odd Arne Blindheim, Nordhordland Næringshage orienterte om den pågåande prosessen om samarbeid mellom regionen og NCE Fjord Norge-programmet knyta til ein større regional destinasjon.</p> <p>Vidare om Regjeringa sin nasjonale strategi for reiselivsnæringane – <i>«Reiselivsnæringen må dreiest frå å produsera tradisjonelle reiselivsprodukt til å samarbeida om å skapa heile opplevingsprodukt som inkluderar kultur, mat, historie, natur og aktivitetar, i tillegg til transport og overnatting. Visjonen er at me gjennom å tilby verdifulle opplevingar skal skapa verdiar for dei besøkande, verksemda, dei tilsette, lokalsamfunnet, miljøet og fellesskapet.»</i></p>

	<p>Det betyr at innsatsen i reiselivspolitikken må spissast. 320 destinasjonsselskap i landet bør ned til om lag 60. Me må ha ein strategi i vår region – og denne må koplast mot fylkeskommunen sin strategi. Nordhordland Næringshage vil skriva til kvar enkelt kommune for å høyra kva dei legg i denne satsinga. Kartlegginga i kommunane er i dag ikkje god nok, og me må få meir fakta på bordet slik at ein kan satsa riktig. Det vil koma eit initiativ frå næringshage. Me må vidare sjå på Næringshagen sine oppgåver innan dette feltet, og kven som skal marknadsføra regionen.</p> <p>Regionrådet peika på at Næringshagen må ha tett dialog med kommunane og Næringshagen tek initiativ til arbeidsmøte med kommunane.</p> <p>Nordhordland Næringshage: http://www.nhnh.no</p> <p>Regjeringa sin reiselivsstrategi: «Destinasjon Norge – Nasjonal strategi for reiselivsnæringen» http://www.regjeringen.no/upload/NHD/Vedlegg/Rapporter_2012/reiselivsstrategien_april2012.pdf</p>
<p>Sak 62/12</p>	<p>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur) Leiarane</p> <p>Helse. Øistein Søvik orienterte om avklaringar som må gjerast før ein endeleg avgjer Helsehuset. Det er sett ned ei gruppe av økonomimedarbeidar og NUI som skal sjå på dette, samtidig er ein i dialog med ein person som evt skal hjelpe til med kontraktar og andre avklaringar som må gjerast.</p> <p>Nærings- og samferdsle: Nils Marton Aadland orienterte om drøftingar i utvalet vedr E39 Bergen – Nordhordland. Det må gjennomførast ein runde med dei andre eigarane i nær framtid for drøfta om ein kan gjennomføra prosjekt som ligg i Nordhordland tidlegare enn det som ligg i pakken i dag. Også andre nye prosjekt må vurderast.</p> <p>Ein venter på konkret førespurnad om midlar når det gjeld Samband vest.</p> <p>Etter drøftingar med NHIL skal det no laga til ein del arbeidsgrupper for å betre samarbeidet mellom aktørar innan samfunns- og næringsutvikling i regionen. Som styringsgruppe for dette skal det vere 5 personar. Det er foreslått 2 repr frå NHIL, to ordførarar og ein frå BRB. Nils Marton Aadland og Karstein Totland, vert velt frå Næringsutvalet. Ein ønskjer også å dra inn Osterøy Industrilag i dei aktuelle arbeidsgruppene.</p> <p>Kultur: Kommande måndag er kulturmedarbeidarane i kommunane invitert til eit dialogmøte med Kulturutvalet for å snakka om arbeidsmetodar, og samhandling. Bl.a. skal ein sjå om ein kan lag ein felles kulturkalender. Vidare skal ein ha oppe Kultursenteret.</p> <p>Per Lerøy spelte inn felles kulturkalender for å unngå kollisjonar som særst viktig, og meinte at ein også bør sjå på ordningar med transport på tvers av kommunane til ulike arrangement.</p> <p>Når det gjeld søsterbysamarbeid med Fergus Falls, slutta Regionrådet seg til Kulturutvalet si innstilling om at Museumssenteret tek på seg leiarskapen av søsterbykomiteen og at samarbeidet fokuserer på skuleutveksling, næringslivssamarbeid og kultur.</p>

Sak 61/12	Meldingar og eventuelt
	<p>Lik praksis byggesak. Leiar tok opp at NHIL hadde sett i gong eit arbeid å forbetra byggeprosessane i kommunane. Dette var initiert mot fagfolk i kommunane – politikarane ikkje orientert. Leiar fylgjer dette opp. Ein drøfta elles at det er viktig å læra av kvarandre for å bli best mogleg og få til beste praksis.</p> <p>Vedtak:  Regionrådet vedtok at rådmannsgruppa tek lik praksis byggesak opp til diskusjon i rådmannsforum og at dei kjem tilbake til Regionrådet med forslag.</p>
	<p>Oppfølging av Fylkesmannmøtet 11-12. oktober. Felles barnevern og beredskap er nemnt som to område ein kan samarbeida breiare om. Når det gjeld barnevern, var Regionrådet einige om å avventa bestilling i frå fylkesmannen om tettare samarbeid viss dei meiner dette er særst viktig. Me bakgrunn i tidlegare handsaming i rådet, er ikkje tida ikkje inne til at rådet tek dette opp no.</p> <p>Beredskap er eit område ein kan ha tettare samarbeid om. Dagleg leiar fekk fullmakt til å vurdera dette nærare.</p>
	<p>Planlegging Regionrådsmøte i Oslo 26.-27. november. Innhaldet desse to dagane vart drøfta. Det er viktigare med kvalitet framfor kvantitet når det gjeld desse to dagane. Dagleg leiar sender ut ein oppdatert e-post der han ber om tilbakemeldingar / forslag innan måndag 22. oktober.</p>
	<p>Ny representant i Helseutvalet. Rådmannsutvalet har utpeika Øyvind Olsnes, rådmann i Modalen som representant i Helseutvalet. Han erstattar Martin Kulild. Regionrådet bifall dette.</p>
	<p>Kompetanseprosjektet, anmodning om utbetaling for 2012 (vedlegg) NHIL har søkt om utbetaling av kr 165 000 for 1. halvår og kr. 180 000 for andre halvår.</p> <p>Vedtak:  Regionrådet vedtok utbetaling iht. avtale. NUI hentar midlane inn frå kommunane.</p>
	<p>Neste møte</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ 26.-27. november 2012

Knarvik 25. oktober 2012

Jon Askeland (sign)
Leiar Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)
Dagleg leiar Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

Sak: 56/12: Nordhordlandspakken AS - søknad om rammeløyving – driftsmidlar
57/12: Treningskontaktkurs i Hordaland
57/12: Program for treningsleiarar
57/12: Kurs for treningskontaktar 2.-4. og 17.-18. november
57/12: Søknad om tilskot til gjennomføring av treningskontaktkurs
58/12: Søknad frå UIB om tilskot til etablering av pilotanlegg på Mongstad
60/12: Presentasjon Biosfæreområde
63/12: Søknad om utbetaling – Kompetanseprosjektet.